

# Kvinnherad kulturskule

## Læreplan for

# SONG



### 1. Om Kvinnherad kulturskule

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles». Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune.

Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervisning i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

### Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: [www.kulturskulen.kvinnherad.no](http://www.kulturskulen.kvinnherad.no)

## **2. Om den lokale læreplanen**

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventa at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

## **3. Instrument/utstyr**

Song er mennesket sitt heilt eige instrument og vårt eldste. Vi har alle ulike røyster, nokon lyse, andre djupe med ulik farg og uttrykk. Ein kan syngja åleine eller fleire saman.

Når fleire syng saman kalles det eit songensemble eller eit songkor.

Jenter og kvinner kan være sopran, mezzosopran eller alt, sopraner har dei lysaste stemmene og alter dei djupaste.

Unge gutter er guttesopraner, men ungdommer og voksne menn kan være tenor, bariton eller bass.

Repertoaret for instrumentet song er svært variert og uendeleg stort. Det spenner frå middeladersballader, via renessansesongar og barokkverk, romantiske lieder og operaer, viser, folketonar, pop, rock, blues, jazz og mykje meir til heilt nyskreven samtidsmusikk.

## **4. Målgruppe/ alder/ inndeling**

I Kvinnherad kulturskule kan ein byrje å ta songtimar frå ein er 8 år gammal. Elevar kan imidlertid utvikle læring, motivasjon og songglede gjennom å gå på musikkleik frå dei er yngre. Viss der er plass kan og voksne over 19 år søkja på songundervisning ved Kvinnherad Kulturskule.

## **5. Organisering av undervisninga**

Songundervisninga er vanlegvis organisert som ein-til-ein undervisning med 30 minutters time ein gang i veka. Songundervisninga finn sted på kulturskulesenteret på Husnes.

Det kan også være mogelegheit for songundervisning på Halsnøy, Uskedalen og Hatlestrand skule, avhengig av kapasitet det enkelte skuleåret.

## **6. Eigenøving**

Eigenøving heime er den viktigste delen hvis ein vil utvikle seg og bli en dyktig songar. Eleven bør øve jamnleg og helst kvar dag, gjerne til ei fast tid slik at eigenøvinga blir etablert som ei fast rutine. Foreldre kan oppmuntre eleven til å øve ved å lytte på songane og gjerne be elevene syngja leksene for dei. På undervisningstimane viser læraren ulike øvingsmetodar og korleis ein kan jobbe med ulike utfordringar avhengig av det enkelte songane.

## **7. Konserter/opptredener**

Konserter og opptredener er ein viktig del av den musikalske utviklinga som elev i kulturskulen. Kvinnherad kulturskule arrangerer store elevkonserter to gonger i året, før jul og før sommaren, der elevane får tilbod om å fremføre stykker de har jobba med. Det er også nokre andre mogelegheit til å spela offentleg i løpet av året. På song har vi også songfellestimar / små konsertar der me syng for kvarandre. Førebuing til konsert gjeres i samarbeid med læraren i løpet av semesteret, der ein jobbar både med framføring av sjølve songen/ songane og kva ein skal gjere på scenen før og etter ein har spilt. Evaluering av eigen framføring og konsertoppleving er viktig for den vidare musikalske utviklinga, der utvikling av spilleglede og sjølvtilitt står sentralt i arbeidet. Konserter er også ei viktig kilde til inspirasjon ved at ein får høyre medelevar og andre instrumentalister spele. Viktig er også at ein her får sjans å syngja saman med andre instrument eller eit band.

## **8. Evaluering/tilbakemelding**

Evaluering av elevanes læring gjeres kontinuerleg på undervisningstimane i song. Tilbakemelding og vurdering av elevens innsats og læring er viktig for at eleven skal kunne utvikle nye ferdigheiter på instrumentet.

I løpet av vårsemesteret vil det bli haldt ein utviklingsamtale der lærar gir tilbakemelding på elevens progresjon i løpet av skuleåret. Til denne samtalen møter eleven saman med foreldra sine, og her vil læraren ta opp ulike forhold som innsats, ferdigheiter og musikalsk utvikling.

## **9. Mål for undervisninga på kjerneprogram, organisering**

### **Begynnernivå**

Foreldrenes støtte og oppmuntring til eigenøving er svært viktig på dette stadiet. Daglig eigenøving gir raskere fremgang og resultater, og gjer at ein raskere kan komme opp på neste nivå.

På begynnernivået vert eleven kjent med røysta si og får bli kjent med ulike type songar / musikk og måtar å syngja på. Vi arbeider med viser, barnesongar, folketonar, popsongar, små oppvarmingsstykker m m

Eleven lærer grunnleggjande songteknikk som pusteteknikk, holdning, oppvarmingsøvelser, uttale av tekster (diksjon), rytmer og frasering og imitasjon.

Vidare lærer eleven å syngja til pianoakkompangjemang, a capella (uten akkompangjemang) og å bruke mikrofon.

Gode ferdigheiter på dette nivået er eit viktig grunnlag for den vidare utviklinga til både mellomnivå og vidarekomment nivå.

### **Mellomnivå**

På mellomnivået arbeider eleven med å vidareutvikle ferdigheitene ein har tilegna seg på begynnernivået. Eleven kan sjølv velge enkelte songar og vi syng på fleire språk.

Eleven får bli kjent med meir repertoar mellom anna med små klassiske songar, lokale folketonar, gamle og nye populærsongar og songetyder.

Vi arbeider med å utvikle vår pusteteknikk og får lengre oppvarmingsøvelser som styrker røysta og gjer rom for større klang og volym.

På dette nivået er det også fint å utvikle ferdigheiter i samspel med andre, for eksempel å syngja duetter / ensemble eller saman med eit annet instrument eller eit band. Songar som elevene sjølv ønsker å lære seg å syngja, kan med fordel jobbes med for å utvikle spontanitet og individuelle preferansar. Eigenøving og oppmuntring fra foreldre er et fortsatt viktig element på dette nivået.

### **Vidarekomment nivå**

På vidarekomment nivå fordyper eleven seg i musikkutøving, ofte med fokus på klassisk musikk, tidleg musikk og folkemusikk, jazz m m

Lærer å lesa noter og arbeider med å syngja på fleire språk. Eleven arbeider meir i dybden med korleis ein kan bruke røysta, med klangfarger, effekter, dynamikk og lærer om vibrato. Eleven vil og lære å presentere sine songar på konsert og tolka tekster / stemingar i songane. Desse elementa er også sentrale i konsertførebuing og konsertframføring. På dette stadiet er rutinane knytta til eigenøving forhåpentleg godt etablert, og desse må oppretthaldas for vidare utvikling i solosong og ensemblesong.

## **10. Fordupningstilbudet**

Kvinnherad kulturskule samarbeidar regionalt om fordjupingstilbod med Stord kulturskule som avgjer fagtilbudet, dets organisering og utforminga på grunnlag av Nasjonal rammeplan for kulturskulen.

## **11. Forventningar / krav til elevar**

Det er forventa at elevane øver jamnleg og grundig mellom undervisningstimane for å kunne utvikle seg som musikare. Foreldres oppmuntring og støtte av innsats tyder mykje for at elevane skal kunne oppretthalde øving og utvikle seg over tid. Ved å øve og stille godt førebudd til timane, kan elevane få mest mogeleg ut av undervisningstida i kulturskulen og forhåpentleg utvikle spilleglede og musikalsk motivasjon som dei kan ha med seg heile livet.